

Pressemelding

Samanslåing med Idea Kompetanse AS

27. november vart det halde ekstraordinær generalforsamling i Seljord Personal AS. Til handsaming var oppkjøp av SP. Styret og dagleg leiar har over lengre tid sett behovet for ei endra organisering av selskapet. Dette for å leggje til rette for vidare utvikling samt sikre gode tenester til innbyggjarane i Seljord kommune. Frå 2015 vart bransjen for alvor anbudsutsett, og arbeids- og inkluderingsbedriftene fekk stor konkurranse av kommersielle aktørar.

Endra rammevilkår gjer det no krevjande å stå åleine framover. Vi er allereie underleverandør av ei rekkje tenester. Selskapet har over fleire år bygd opp eit sterkt fagmiljø for anbudsutsette tenester. Styret er difor oppteke av å stå best mogleg rusta til nye anbudsrundar. Saman med Idea Kompetanse AS blir Seljord Personal ein del av ein stor og offensiv aktør med gode resultat. Dei har og synt evne til omstilling og tilpassing til dei endringar som vår bransje står ovanfor. Saman med Idea Kompetanse AS sikrar vi våre 9 tilsette eit sterkt fagmiljø, samt vidareutvikling av tenestetilbodet til innbyggjarane våre.

Vi vil også med dette sikre gode leveransar til vår største kunde, som er NAV.

Ei samla generalforsamling har gjeve styret mandat til å gjennomføre samanslåing med Idea Kompetanse AS.

Kontaktperson i Seljord Personal AS: Styreleiar Hilde Fjellheim

Kontaktperson i Idea Kompetanse AS: Administrerande direktør Marit Kasin